

Dommersnes AS (Windafjord Ports)

► **Konsekvensutgreiing friluftsliv**

Detaljregulering med KU for Dommersnes industriområde

Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr.: ARP07 Versjon: J01 Dato: 2024-11-07



Oppdragsgjevar: Dommersnes AS (Windafjord Ports)
Oppdragsgjevars kontaktperson: Jørgen Jorde
Rådgjevar Norconsult Norge AS
Oppdragsleiar: Anne Sofie Sandvik
Fagansvarleg: Kristin Hafstad Stokka
Andre nøkkelpersonar: Svanhild Lygre Andersen

J01	2024-11-07	Til bruk	KRHST	ANSA	ANSA
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Innhald

1	Skildring av prosjektet	5
1.1	Nullalternativ	5
1.2	Alternativ som skal utgreiast	6
1.3	Influensområdet	8
1.4	Avgrensing mot andre fagtema	10
2	Metode og kunnskapsgrunnlag	11
2.1	Krav i planprogram og metode	11
2.2	Særskilt om metoden i handbok M-1941	11
2.3	Eksisterande kunnskap	13
	<i>Kartlagde friluftslivsområde etter M-98</i>	13
	<i>Kjende turruter</i>	14
2.3.1		
2.3.2	<i>Spørjeundersøking</i>	15
2.3.3	<i>Innspel til oppstartvarsel</i>	17
2.3.4		
2.4	Usikkerheit knytt til kunnskapsgrunnlaget	18
3	Delområde	19
4	Verdivurdering	20
4.1	Delområde A: Selsåsvika	20
4.2	Delområde B: Framnes/Rindane	21
4.3	Delområde C: Oa/Oaneset	22
4.4	Delområde D: Ålfjorden	23
4.5	Delområde E: Skjeljavika	24
4.6	Delområde F: Liksteinen badeplass	25
4.7	Delområde G: Buldreområde ved Dommersnes	26
4.8	Delområde H: Vikefjellet med turstiar	28
4.9	Delområde I: Orienteringsområde Dommersnes	30
4.10	Verdikart over alle delområde	31
5	Vurdering av påverknad	32
5.1	Delområde A: Selsåsvika	32
5.2	Delområde B: Framnes/Rindane	33
5.3	Delområde C: Oa/Oaneset	34
5.4	Delområde D: Ålfjorden	35
5.5	Delområde E: Skjeljavika	36
5.6	Delområde F: Liksteinen badeplass	37
5.7	Delområde G: Buldreområde ved Dommersnes	38
5.8	Delområde H: Vikefjellet med turstiar	39
5.9	Delområde I: Orienteringsområde Dommersnes	40

6	Konsekvens	41
6.1	Konsekvens for delområde	41
6.2	Verknad for ytre influensområde	42
6.3	Samla konsekvens	47
6.4	Usikkerheit knytt til konsekvensen	47
6.5	Avbøtande tiltak	48
7	Oppsummering	49
8	Tabellar frå handbok M-1941	50
9	Synlegheitsanalyser	57
9.1	Faste installasjonar	57
9.2	Fundament i sjø	58
9.3	Nacelle	59
9.4	Krantopp og vindmølleblad	60

1 Skildring av prosjektet


Tiltaket består av opparbeiding av industritomt til konstruksjon, lagring av delar og montering/samanstilling av offshore-vindkraftturbinar. Sluttproduktet er offshore vindkraftanlegg som er klargjort for transport til lokalitet på sokkelen der det er gitt konsesjon. Noreg og Europa treng mykje hamne- og industriareal til sjø. I planskildringa er det sett på alternativ bruk av næringsområde og mogleg etterbruk er drøfta. Innan havvind er det behov for lagrings-plassar for ankersystem og for ulike deler av botnfaste fundament, opp til heile jackets.

Det kan vere aktuelt med mindre prosjekt retta mot elektrifisering, fabrikasjonsområde for flytande lukka oppdrettsanlegg eller avlastingsområde for industriaktørar som for eksempel Aker, Aibel, ØB, Westcon, Veidekke etc for både O&G prosjekt, havvindindustri og bru/ vegprosjekt, kraftlinjeutbygging, decom etc. Dette kan også opne for andre framtidige moglegheiter.

1.1 Nullalternativ

Påverknad og konsekvensar av tiltaket blir vurdert i forhold til ein referansesituasjon, også kalla nullalternativet. Nullalternativet er forventet situasjon i influensområdet/utgreiingsområdet dersom planen eller tiltaket ikkje blir gjennomført. Vedtekne reguleringsplanar som er vurdert til å vera realistiske at blir gjennomført og utbygde kan leggst inn i nullalternativet. Også vedtekne overordna planar kan vera aktuelle å leggja inn i nullalternativet.


Innanfor sjølve planområdet vil det vera mest riktig å definera dagens situasjon på området som nullalternativ, fordi det er vanskelegare å vurdere kva som kan bli tillate innanfor gjeldande reguleringsplan utan å gjennomføra ein revisjon. Dagens situasjon inkluderer eksisterande industrikaiar og industritomter på begge sider av fylkesvegen.



Figur 1 Dagens situasjon med industrikaiar og industritomter på begge sider av fylkesvegen. Raud stipla linje viser avgrensinga til eksisterande reguleringsplan. Piren som er vist på flyfoto frå 2022 vart fjerna mellom 2022 og 2023.

1.2 Alternativ som skal utgreiast

Det har gjennom det tidlege planarbeidet vore omtala tre fasar av utbygginga. Omfanget av dei tre fasane er vist i figuren under. Full utbygging av alle fasar vil gje opp til 500 dekar ferdig utvikla industriareal.



Figur 2 Viser omfang av utbygging av alle fasane. Stipla strek viser grense for full utvikling av fase 2.

Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i full utbygging av området med fullskala drift, det vil seia når alle dei tre fasane er utbygd og produksjonen er i gong. Opparbeiding av området kan omfatte sprenging til flatt areal på kote 3-4 moh med eigna avgrensing og utforming. Opparbeiding skal og omfatte fylling og nytt areal i sjø, samt kaiar som trengst for handtering av transport og løft mellom fartøy, flytande konstruksjonar og landareal. Full utvikling av området vil krevje ei samla kailengde på opp mot 500- 600 m. Dette er ei kailengd som var planlagt opparbeid også i gjeldande reguleringsplan.


Havvindturbinane som er omtalt i planprogrammet var dimensjonert opp til 15 MW generatoreffekt. Utviklinga i næringa viser at det om kort tid vil vere behov for å samenslelle havvindturbinar opp til 25 MW generatoreffekt. Dette vil endre dimensjonane på ferdige havvindturbinar.

Fase 2 og 3

Det er utvikling av fase 2 og fase 3 som blir regulert i planforslaget. Det er førebels ikkje konkrete industriprosjekt eller kundar som er knytt til området. For å kunne vurdere omfanget av eit fullt utbyggingsalternativ, er det tatt utgangspunkt i eit konsepteksempel med heilårleg produksjon. Konseptet vil illustrere dimensjoner og ein mogleg prosesslinje, men andre konsept vil ha andre krav til montering og prosesslinje på land og lagring av delar både på land og på sjøen. Det er ikkje mogleg å fastslå dimensjonar, utsjåande, materialar osv. for framtidens havvindkomponentar på noverande tidspunkt. Det er eit utal av ulike fundamentkonsept som er trekanta, firkanta, femkanta og runde og dei produserast både i stål og betong (og nokon delvis i tre). Dei dimensjonar som er brukt for eksemplifisering er dekkande «største storleik» som viser både visuelt inntrykk og plassbehov for ein hamn som skal levere til havvindindustrien. Denne modelleringa er derfor ei realistisk modellering av eit mogleg konseptval.

Ved utvikling av alle fasane vil ein til slutt ha 400 dekar industriareal på kote +3,0, og planområdet vil krevja opp til 500 dekar areal totalt sett, inkludert skjeringar, vegareal og anna. Det er eit mål at arealet er ferdig opparbeidd i løpet av 2030/2032.

Når fase 3 er sett i gong og produksjonen på Dommersnes har nådd sin fulle skala, kan det typisk produserast opp til 24 vindmøller med opp til 25 MW turbinar kvart år. Produksjonen av fundamenta kan skje heile året, og det kan bli ferdigstilt og sjøsett eitt fundament kvar 14. dag. Sjølve utrustinga av vindturbinane (sette på tårn, nacelle og blader) må skje på sommarhalvåret (april – september). På vinterhalvåret vil det derfor kunne bli samla opp til 12 fundamentar i fjorden, for våtlagring. På sommaren vil det bli utrusta eitt fundament per veke, med tårn, nacelle og blader. Annakvart fundament blir utrusta frå våtlageret i sjøen og annakvart rett etter sjøsetting. På sommarhalvåret blir det så uttransportert ei ferdigstilt vindmølle frå anlegget i veka. Det vil dermed ikkje typisk vera fleire enn 12 fundament i våtlageret om gongen.




Figur 3 Viser eit lagringssystem for å lagre opp til 12 fundament i sjøen vinterhalvåret (oktober-mars). Det er 6 lekterar som er sett saman to og to. Dei er fortøyd til botnen med liner som er 300m lange i horisontalplanet.

På plataet som vil ligga høgare enn industriarealet, skal det opparbeidast bustadbrakker, kontorbrakker/kontorbygg, parkeringsplassar og eventuelt anna som høyrer til administrasjon og overnatting. Ved full produksjon er det estimert maksimalt 500 arbeidsplassar tilknytt anlegget, fordelt på tre arbeidsskift.

Ein del tilsette vil ha behov for innlosjering i bustadbrakker. Det er tatt utgangspunkt i at det er behov for 200 overnattingsplassar i brakker. I tillegg vil det vera behov for dagriggar for skifting, vasking og spiserom for andre tilsette som kjem køyrande.

Det er antatt at 30% av dei tilsette treng kontorplass, men at halvparten av dei igjen kan dela kontor. Det vil seia at det er tatt utgangspunkt i at det er behov for maksimalt 75 kontorplassar. Det er lagt opp til at dei anten kan etablerast i kontorbrakker, eller som eitt eller fleire kontorbygg. Det er estimert eit behov for mellom 17 m² – 23 m² per kontorplass, inkludert alle fellesareal. Det gir eit totalt behov for om lag 1500 m² kontorareal.



Figur 5 Indre og ytre influensområde, med kartlagde friluftslivsområde (M98). Kjelde: Naturbase

1.4 Avgrensing mot andre fagtema

Det er utarbeidd konsekvensutgreiingar og verknadsvurderingar for andre tema som grensar til friluftsliv. Der det er relevant for vurderinga av friluftsliv er funn og vurderingar frå desse andre fagtema henta inn i denne rapporten. I tråd med handbok M-1941 skal dei verdiane som allereie er verdsett i dei andre konsekvensutgreiingane.

Fagtema	Verknadsvurdering/KU	Korleis handtera i KU for friluftsliv
Forureining (støy)	Eiga konsekvensutgreiing for landstøy	Støyrappporten syner at det i både anleggs- og driftsfasen vil vera mogleg å gjennomføra arbeidet utan overskriding av støygrenser. Ved ideelle vindhøve vil ein på vestsida av fjorden kunna oppleve auka støy, frå skip og lågfrekvente lydar.
Landskap	Eiga konsekvensutgreiing	Fagtemaet landskap inneheld naturlandskap og kulturlandskap, som ofte vil innehalde stiar og større eller mindre friluftslivsområder. Betydninga friluftsområda og stiane har for friluftsliv, som bruksverdi, kvalitetar, tilrettelegging med meir, skal verdsettast i KU for friluftsliv.
Kulturmiljø og kulturminner	Verknadsvurdering i planomtale	Utgreiing for friluftsliv skal berre omtala og verdsetta kulturminne eller kulturmiljø som ei opplevingskvalitet. Dei historiske verdiane blir vurderte i verknadsvurdering for kulturmiljø og kulturminne.
Folkehelse	Eiga konsekvensutgreiing	Friluftsliv er del av utgreiing for folkehelse, men som grunnlag for ei breiare vurdering av konsekvensar for nærmiljø.
Barn og unge	Verknadsvurdering i planomtale	Det er ingen eiga konsekvensutgreiing for temaet, og vurderingane inngår i vurderinga av friluftslivsområde.

2 Metode og kunnskapsgrunnlag

2.1 Krav i planprogram og metode

I planprogrammet er det fastsett at konsekvensutgreiinga skal innehalda vurderingar av påverknad for følgjande punkt:

- Opplevingskvalitet og tilgjenge til dei sjønære områda (strandsone) og urørt strandsone
- Bruk av fjorden, med særleg merksemd på korleis riggområdet skal nyttast
- Klatre-/buldreområde
- Tilgjenge til Ulserhaug, påverknad Skjeljavika, buldrefelt, turstiar og turveggar

Planprogrammet fastsett også at konsekvensutgreiinga skal følgja Miljødirektoratet si digitale handbok M-1941, supplert med terrengmodell/GIS-mapping, 3D-illustrasjonar og synfaring.

Kunnskapsgrunnlaget som er nytta i arbeidet med KU- friluftsliv er i all hovudsak henta frå offentleg tilgjengelege karttenester som syner kartlagde friluftsområde, informasjon frå Vindafjord kommune sine nettsider og informasjon frå UT.no. I tillegg er det gjennomført synfaringar i delar av området og teke bilete ved hjelp av drone. I høyringsperioden til planprogrammet blei det sendt ut ei spørjeundersøking som blant anna inneheldt spørsmål tilknytt friluftsliv. Resultata frå spørjeundersøkinga inngår også i kunnskapsgrunnlaget.


2.2 Særskilt om metoden i handbok M-1941

Miljødirektoratet si digitale handbok gir tydelege føringar for korleis konsekvensutgreiinga skal utarbeidast. Etter ei gjennomgang av skildring av prosjektet (sjå kapittel 1) og omtale av kunnskapsgrunnlaget (sjå kapittel 2.3) skal utgreiingsområdet/influensområdet delast inn i delområde. Delområda består av ulike områdetypar iht. Miljødirektoratet sin rettleiar M98 (sjå definisjon i Tabell 23 i kapittel 8).

I kapittel 4 blir delområda skildra og verdisett. Handboka gir ein tabell for korleis verdi skal settjast for delområda basert på ei rekke med verdikriterium, sjå Tabell 24 Verditabell for friluftsliv (Miljødirektoratet) Tabell 24 i kapittel 8. I kapittel 5 blir det gjort ei vurdering av påverknaden prosjektet har for delområda. Også her gir handboka ein tabell for korleis påverknaden skal vurderast opp mot ulike faktorar, sjå Tabell 25 Påverknadstabell for friluftsliv (Miljødirektoratet) Tabell 25 i kapittel 8. I vurdering av påverknad skal påverknadsgraden synleggjerast på ein skala frå «forbetra» til «sterkt forringa», sjå figuren under.



Samanstillinga av verdi for delområda og påverknad gir grunnlaget for å setja konsekvensen av planforslaget for dei ulike delområda, sjå kapittel 6. Konsekvensen blir framstilt gjennom ei konsekvensvifte, sjå figuren under.




Etter konsekvensen for delområda er sett skal det gjerast ei vurdering av samla konsekvensar for heile utgreiingsområdet. Denne vurderinga skal inkludera verknader for det ytre influensområdet. Vurderinga skal følgja tabell for kriterium for samla vurdering i handboka. I utgangspunktet skal konsekvensgrada ikkje setjast lågare enn den alvorlegaste konsekvensgrada, dersom eit delområde har fått svært alvorleg eller alvorleg konsekvens. Dersom planforslaget kan få negative verknader for delområda skal det vurderast avbøtande tiltak.

Til sist skal det gjerast ei oppsummering av konsekvensutgreiinga, som skal gi eit ikkje-teknisk samandrag, sjå kapittel 7.

Kjende turruter

Vindafjord kommune har ei god kartlegging over turruter i kommunen, sjå figuren under. Kartet syner at det er fleire turruter ved Vikefjellet, og at det går ei turrute nord for Dommarsnes og opp til Sætrafjellet. Denne turen er også kartlagt på UT.no.

2.3.



Figur 6 Utklipp frå Vindafjord kommune si kartdatabase for turruter. Henta frå:
<https://kommunekart.com/klient/vindafjord/turkart?urlid=86f2f19f-a32f-4c73-bcd6-2fa9947e7311>

Spørjeundersøking

I samband med at planprogrammet for planarbeidet blei sendt ut på høyring blei det også sendt ut ei spørjeundersøking som blant anna tok føre bruk av tre turområde nær planområdet: Sætrafjellet, Våbrekka (Ytre Smalanuten) og Dyraskarsnut/Trollafjell/Trollanibbå. I tillegg blei det stilt spørsmål knytt til opplevingskvalitetar i området. Totalt var det 221 personar som svarte på spørjeundersøkinga.

2.3.3 Kor ofte går du turen til toppen av Sætrafjellet frå Dommersnes?

Over halvparten (57%) svarte at dei går turen til Sætrafjell minst ein gong i løpet av eit år. 3% går turen fleire gonger i månaden, 14% går turen 6-12 gonger i året og 39% går turen 1-6 gonger i året.

Fleire turar i månaden	7
1-6 turar i året	87
6-12 turar i året	32
Ein sjeldan tur	58
Aldri	37



Kor ofte går du til turen til toppen av Våbrekka (Ytre Smalanuten)?

Over halvparten (54%) svarte at dei går turen til toppen av Våbrekka minst ein gong i løpet av eit år. 1% opplyste at dei går turen fleire gonger i månaden. Over 9% går turen 6-12 gonger i året, og 43% går turen 1-6 gonger i året.

Fleire turar i månaden	3
1-6 turar i året	96
6-12 turar i året	21
Ein sjeldan tur	64
Aldri	37



Kor ofte går du ein av turane til anten toppen av Dyraskarsnut, Trollafjell eller Trollanibbå?


Godt over halvparten (64%) svarte at dei går til ein av desse toppane minst ein gong i året. Rett under 2% opplyste om at dei går turen fleire gonger i månaden. Over 17% går turen 6-12 gonger i året og rett under 45% går turen 1-6 gonger i året.

Fleire turar i månaden	4
1-6 turar i året	99
6-12 turar i året	39
Ein sjeldan tur	55
Aldri	24




Er du bekymra for at opplevingskvalitetar i planområdet og områda rundt skal bli påverka av etablering av industriområde for samanstilling av havvind? Hvis ja, kva opplevingskvalitetar er du bekymra for at blir påverka?

86% av dei som svara på undersøkinga svara at dei var bekymra for at ein eller fleire opplevingskvalitetar vil bli påverka av tiltaka. Fordelinga mellom dei fire definerte kvalitetane er nokså likt, og 159 personar var bekymra for påverknaden tiltaket vil ha for tur- og rekreasjonsområde. Dette utgjør 70% av alle som svara på undersøkinga.




Individuelle merknader

Gjennom dei individuelle merknadane til spørjeundersøkinga kom det også fram informasjon om at det føregår klatring i form av buldring i planområdet på austsida av fylkesveg 4736 innanfor område avsett til industri, sjå utsnitt frå www.hkl.buldreinfo.com under.



Figur 7 Utsnitt frå kart over buldreområde. Henta frå: <https://hkl.buldreinfo.com/sector/4493>

I samband med varsling av utvida planområde kom det inn ein merknad om at Vikebygd Idrettslag har eit orienteringskart på Dommersnes på austsida av eksisterande fylkesveg, sjå utklipp under. Innsendar opplyser om at området blir nytta av Vindafjord Orienteringslag til turorientering og lokale orienteringsløp. Dette er ny informasjon som ikkje var klart då planprogrammet blei vedtatt, men blir inkludert i denne konsekvensutgreiinga.



[https://norconsult365.sharepoint.com/sites/52307133reguleringsplanogutredningerfordommersnesindustriomr-52307133no-internearbeid/shared documents/52307133 no-interne arbeidsdokumenter/5 arbeidsdokumenter/55 ku-](https://norconsult365.sharepoint.com/sites/52307133reguleringsplanogutredningerfordommersnesindustriomr-52307133no-internearbeid/shared%20documents/52307133%20no-interne%20arbeidsdokumenter/5%20arbeidsdokumenter/55%20kulturbeskrivelse%20og%20arbeidsplan%20for%202022/55%20kulturbeskrivelse%20og%20arbeidsplan%20for%202022.pdf)


2.4 Usikkerheit knytt til kunnskapsgrunnlaget

Mange av friluftslivsområda er frå før kartlagt og skildra gjennom M-98, som gir eit godt utgangspunkt for verdivurderinga. I tillegg har ein gjennom medverknad fått opplyst at det finst eit buldreområde i området, og at det også er eit orienteringskart aust for eksisterande fylkesveg i Vikebygd. Spørjeundersøkinga gir også godt grunnlag for å gi ei peikepinn på kor viktige fleire sentrale friluftslivsområde er for lokalbefolkninga.

Verken kunnskapsgrunnlaget eller medverknaden gir eit særleg godt grunnlag for vurderingar knytt til friluftsliv i sjøen. Mange av dei kartlagde friluftslivsområda ligg til sjø og har direkte samanheng med Ålfjorden og tilhøyrande sund og vågar, men gir ikkje innblikk i korleis Ålfjorden i seg sjølv vert nytta som friluftslivsområde. Dette er ei usikkerheit som må takast inn i vurdering av verdi og påverknad for Ålfjorden som friluftslivsområde.

3 Delområde

Figuren under syner ei oversikt over dei ulike delområda innanfor det indre influensområdet. Størsteparten av delområda består av dei kartlagde friluftslivsområda etter M98. Turstien nord for industriområdet og opp til Sætrafjellet inngår i delområdet for Vikefjellet. Elles er Ålfjorden, buldreområdet og orienteringsområdet definert som eige delområde. Til saman er det definert ni delområde innanfor det indre influensområdet.



Figur 9 Oversikt over dei definerte delområda innanfor influensområdet.


Delområde	Delområde
Delområde A: Selsåsvika	Delområde F: Liksteinen badeplass
Delområde B: Framnes/Rindane	Delområde G: Buldreområde ved Dommersnes
Delområde C: Oa/Oaneset	Delområde H: Vikefjellet med turstiar
Delområde D: Ålfjorden	Delområde I: Orienteringsområde ved Dommersnes
Delområde E: Skjeljavika	

4 Verdivurdering

4.1 Delområde A: Selsåsvika

Selsåsvika ligg på vestsida av Ålfjorden og er kartlagt og verdisett etter M98. Det er registrert som eit svært viktig leike- og rekreasjonsområde. Området er drive av Friluftsrådet som eit interkommunalt anlegg, og er ganske godt tilrettelagt med blant anna badeplass og toalett.

Området er i tillegg eit statleg sikra friluftslivsområde, med eigen forvaltingsplan (2023-2027). I omtalen av området er Selsåsvika her oppgitt til å ha ei regional brukargruppe med middels bruksfrekvens og er registrert som eit viktig friluftslivsområde. Aktivitetar i området er bading, leik, båtutfart, klatring og fiske.




Figur 10 Utklipp frå Naturbase.

Tabell 1 Verdivurdering av delområda A: Selsåsvika

Verdikriterium	Vurdering	Verdisetjing
Brukarfrekvens	Middels brukarfrekvens, men stort sett ikkje regionale/nasjonale brukarar. I den nyare kartlegginga for statleg sikra friluftslivsområde er området derimot oppgitt å ha middels brukarfrekvens med ei regional brukargruppe.	Stor
Kvalitet	Ganske mange opplevingskvalitetar, inkludert eit SEFRAK-registrert naust frå 1800-talet. Middels funksjon, og inkluderer også parkeringsplass og sti/gangveg ned til området. Ganske godt eigna og kan nyttast til turgåing, bading, båtutfart, leik, rekreasjon, klatring, fiske og telting. Ganske god tilrettelagt med parkeringsplass, tilkomstveg, toalett, bord, benker, brygge og naust. Godt lydmiljø og tilstrekkeleg utstrekning.	Stor
Betydning	Middels symbolverdi. Området ved naustet har vore nytta av lokalbefolkninga i lengre tider, og mange kunnskapsverdiar. På 1800-talet blei det bygd skip på stranda, og det var to bøkkarverkstadar i nausta i området.	Middels


Samla sett er området vurdert til å ha stor verdi. At området er eit statleg sikra friluftslivsområde med forvaltningsplan for 2023-2027 gjer at området kan bli enda meir kjent og meir tilrettelagt framover. Pila i skyvelinjalet under er derfor sett til å vera noko opp mot svært stor verdi.



4.2 Delområde B: Framnes/Rindane

Framnes/Rindane er eit nærturterreng kartlagt etter M98. Området er i kartlegginga ikkje fastsett med noko verdi.

Området strekk seg frå og med Framnesknotten på kote 154 i nord til aust for Saltvika i sør. Arealet er i stor grad skogkledd, med noko svaberg mot sjøen.



Figur 11 Utklipp frå Naturbase.

Tabell 2 Verdivurdering av delområde B: Framnes/Rindane

Verdikriterium	Vurdering	Verdisetjing
Brukarfrekvens	Området er oppgitt til å ha noko brukarfrekvens, men utan innslag av regionale og nasjonale brukarar.	Noko
Kvalitet	Området er oppgitt til å ha litt opplevingskvalitetar, middels lydmiljø, noko spesiell funksjon, middels eignaheit og middels tilgjengelegheit. Området er ikkje tilrettelagt, har middels med inngrep og er noko lite i utstrekning.	Middels
Betydning	Området er oppgitt til å ha litt symbolverdi og middels med kunnskapsverdiar.	Noko


I kartlegginga etter M98 er området vurder til å ha middels potensiell, framtidig bruk. Samla sett er området vurdert til å ha middels ned mot noko verdi.



4.3 Delområde C: Oa/Oaneset

Oa/Oaneset er kartlagt etter M98. Det er registrert som «andre friluftslivsområde» og er ikkje fastsett med noko verdi.

Området strekk seg litt sør for Lauvåsen i nord, til og med Oaneset i sør.





Figur 12 Utklipp frå Naturbase.

Tabell 3 Verdivurdering av delområde C: Oa/Oaneset

Verdikriterium	Vurdering	Verdisetjing
Brukarfrekvens	Området er oppgitt til å ha noko brukarfrekvens, men utan innslag av regionale og nasjonale brukarar.	Noko
Kvalitet	Området er oppgitt til å ha middels opplevingskvalitetar, middels lydmiljø, noko spesiell funksjon, middels eignaheit og middels tilgjengelegheit. Området er ikkje tilrettelagt, har middels med inngrep og er noko lite i utstrekning.	Middels
Betydning	Området er oppgitt til å ha litt symbolverdi og middels med kunnskapsverdiar.	Noko


I kartlegginga etter M98 er området vurder til å ha middels potensiell, framtidig bruk. Samla sett er området vurdert til å ha middels ned mot noko verdi.





4.6 Delområde F: Liksteinen bade plass

Skjeljavika er eit leike- og rekreasjonsområde kartlagt etter M98. Området er i kartlegginga sett til å vera eit viktig friluftslivsområde. Området omfattar ei opparbeida strand tilknytt hyttefeltet på Leirhammar.



Figur 14 Utklipp frå Naturbase.

Tabell 6 Verdivurdering av delområde F: Liksteinen bade plass


Verdikriterium	Vurdering	Verdisetjing
Brukarfrekvens	Området er oppgitt til å ha noko brukarfrekvens utan innslag av regionale og nasjonale brukarar.	Noko
Kvalitet	Registrert til å ikkje ha særskilte opplevingskvalitetar. Namnet til bade plassen kjem frå historia med kolerakyrkjegarden på Dommarsnes, som ligg litt lenger sør for bade plassen, og ein stor stein i strandsona som er sagt til å ha blitt brukt til å plassera kistene som kom frå andre sida av fjorden. Denne steinen ligg framleis innanfor området i dag. Ut frå dette blir det her vurdert til at området har noko historiske opplevingskvalitetar. Området er i kartlegginga M98 vurder til å ikkje ha nokon spesiell funksjon. Eignaheita er sett til middels, og området er litt tilrettelagt.	Noko
Betydning	Litt symbolverdi. Forutanom liksteinen si betydning for kolerakyrkjegarden er det ingen kjente eller registrerte kulturminne i området, og heller ikkje noko spesielle naturverdiar. Området er vurdert til å ha noko betydning.	Noko

Området er vurdert til å ha noko verdi. Området kan tenkast å ha noko auka potensiale som med omsyn til betydning for lokalhistorie knytt til kolerakyrkjegarden, slik at pila er sett noko opp mot middels verdi i skyvelinjalen under.




	Sætrafjellet) er ikkje ein ordentleg opparbeid parkeringsplass, men det blir på nettsida vist til at ein kan parkera også lenger nord. Det er forholdsvis mange steinar i området, og steinane er godt kartlagde med klatreruter for ulike vanskelegheitsgradar, som også er illustrerte med bilete på nettsida. Samanlikna med andre registrerte buldreområde på Haugalandet framstår buldrefeltet som eit buldreområde som er godt tilrettelagt og eigna for buldring.	
Betydning	Gitt at buldreområdet gir ei samling av fleire buldresteinar innanfor kort avstand frå kvarandre, og at steinane er godt kartlagde med klatreruter, blir det vurdert til at området har ein symbolverdi i regional samanheng. Området er ikkje vurdert til å vera eigna eller brukt i undervisningssamanheng.	Middels

Området er vurdert til å ha stor verdi ned mot middels. Det er ikkje noko som tilseier at området har potensiale for å at verdien kan bli auka.



4.8 Delområde H: Vikefjellet med turstiar

Delområdet omfattar eit større fjellområde der blant anna Sætrafjellet, Slåtteskarnuten, Våbrekka, Våbrekkfjell og Bårefjell er inkludert. Området består av fleire nutar og vassdrag. Sætrafjellet framstår som mest relevant for denne konsekvensutgreiinga, men delområdet består av fjellområdet i sin heilskap. Det er fleire turstiar opp til Sætrafjellet og Vikefjellet elles, men for denne konsekvensutgreiinga er det turstien som går opp frå ein enkel parkeringsplass rett nord for Dommersnes som er relevant. Området er kartlagt etter M98 som eit viktig nærturterreng.



Figur 16 Utklipp frå Vindafjord kommune si kartdatabase for turruter. Henta frå:
<https://kommunekart.com/klient/vindafjord/turkart?urlid=86f2f19f-a32f-4c73-bcd6-2fa9947e7311>

Tabell 8 Verdivurdering av delområde H: Vikefjellet med turstiar

Verdikriterium	Vurdering	Verdisetjing
Brukarfrekvens	Området er oppgitt til å ha noko brukarfrekvens med middels andel regionale og nasjonale brukarar. I spørjeundersøkinga som blei sendt ut saman med planprogrammet oppgav over halvparten av dei som svara at dei går tur til toppen av Sætrafjellet og Våbrekka minst ein gong i løpet av året. 39% går turen til Sætrafjellet 1-6 gonger i året, og 43% går turen til Våbrekka 1-6 gonger i året. Vindafjord kommune har eit eige turkart som syner at turstiane er kopla mot kvarandre og at det er mange turbøker/postkassar på fjelltoppane i området, som tilseier at området er ein del brukt i kommunen. Sætrafjellet er også definert som ein av dei ni turane i kommunen si satsing «Ut på tur» 2024, men då med startpunkt frå sentrum i Vikebygd, v/kyrkja.	Middels
Kvalitet	Området er i M98 registrert til å ha litt opplevingskvalitet, middels funksjon og eignaheit og til å vera middels tilrettelagt. Området sin størrelse og variasjon med fjelltoppar, vassdrag og turstiar som er kopla på kvarandre, gjer at området blir vurdert til å ha middels verdi.	Middels
Betydning	Området er i M98 registrert til å ha middels symbolverdi. Førekomsten av turstiar og turbøker/postkassar og at Sætrafjellet er del av kommunen si satsing «Ut på tur» tilseier at området har betydning lokalt og til dels regionalt.	Middels

Området er vurdert til å ha middels verdi. Sjølv turstien frå Dommarsnes er vurdert til å ha noko verdi, då den er ei rute som er mest nytta av lokalbefolkninga, og ikkje regionen som heilskap. Det er ikkje noko som tilseier at området har potensiale for å få auka verdi.



4.9 Delområde I: Orienteringsområde Dommersnes

Orienteringsområdet ved Dommersnes blir i dag nytta av Vindafjord Orientering til turorientering og lokale orienteringsløp. Området er ikkje kartlagt gjennom M98 og blir her vurdert til å komma inn under områdetypen «andre friluftslivsområde».

Tabell 9 Verdivurdering av delområde I: Orienteringsområde Dommersnes


Verdikriterium	Vurdering	Verdisetjing
Brukarfrekvens	Området er anslått nytta til orientering om lag ein gong i året, der det er frå 20-40 deltakarar per gong. Området blir nytta av Vindafjord Orientering, som består av medlemmer frå heile kommunen.	Noko
Kvalitet	Området er godt eigna for turorientering og orienteringsløp, då det blant anna er kupert terreng, myrareal, ulike typar stiar og blokkfelt innanfor området. Området byr også på noko naturopplevingar. Området er likevel i dag avgrensa av eksisterande industriområde, og det er ikkje godt eigna til nybegynnarløp. Det er ein god del orienteringskart i Vikebygd og i kommunen elles.	Noko
Betydning	Området kan tenkast å kunna nyttast av skule til undervisning og læring, ettersom det ligg forholdsvis nær Vik skule (2 km).	Noko

Området er vurdert til å ha noko verdi. Det er ikkje noko som tilseier at området har potensiale for å at verdien kan bli auka.



4.10 Verdikart over alle delområde

Figuren under syner verddivurderinga for delområda. Delområda er vurdert til å ha noko verdi (gult), middels verdi (lys oransje) og stor verdi (mørk oransje). Ingen av delområda er vurder til å vera utan betydning eller ha svært stor verdi.



Figur 17 Oversiktskart som viser verdisetting til dei ulike delområda.

5 Vurdering av påverknad

Ved vurdering av påverknad skal ein etter M-1941 berre vurdera varige påverknader. Midlertidige verknader knytt til anleggsfasen skal omtalast, men ikkje leggst til grunn for sjølve verknadsvurderinga. I metodikken til Miljødirektoratet er det oppgitt ulike faktorar som kan vera relevante for påverknad for friluftsliv, der tabell og tekstrettleiing har noko ulike faktorar. For denne konsekvensutgreiinga er det vurdert til at det er faktorane «endring i attraktivitet» (inkludert visuelle verknader og støy), «arealbeslag», «tilgjengeligheit» og «funksjon» som er relevante. For vurderingane av visuelle verknader er det tatt utgangspunkt i synlegheitsanalysane og illustrasjonar, sjå kapittel 9.

5.1 Delområde A: Selsåsvika

Tabell 10 Vurdering av påverknad for delområde A: Selsåsvika

Påverknadskriterium	Vurdering	Påverknad
Endring i attraktivitet	Dei faste installasjonane vil vera synleg frå nordleg del av vika. Fundament i sjø, naceller og vindmølletopp/krantopp vil vera synleg frå også store delar av den sørlege delen av vika. Iht. støyvurdering vil det ikkje vera støy over grenseverdiar, men ein kan anta at det også her vil vera høyrbart støy frå skip og anna lågfrekvent støy. Det er i stor grad Selsåsvika si eignaheit til ulike aktivitetar og god tilrettelegging i form av t.d. WC som gir området høg verdi, sjølv om også natur- og kulturopplevinga er viktig. Området blir vurdert til å få redusert attraktivitet som følgje av dei visuelle verknadene og auka støy.	Noko forringa
Arealbeslag	Planforslaget medfører ingen direkte arealbeslag i Selsåsvika.	Ubetydelig endring
Tilgjengeligheit	Planforslaget medfører ikkje redusert tilgjengeligheit til Selsåsvika.	Ubetydelig endring
Funksjon	Planforslaget medfører ikkje verknad for særskilte funksjonar.	Ubetydelig endring

Område blir vurdert til å bli noko forringa som følgje av planforslaget.



5.2 Delområde B: Framnes/Rindane

Tabell 11 Vurdering av påverknad for delområde B: Framnes/Rindane

Påverknadskriterium	Vurdering	Påverknad
Endring i attraktivitet	Tiltaka vil hovudsakleg vera synleg på aust- og nordsida av Framnesknotten og på austsida av Rindane, som følgje av det kuperte terrenget. Iht. støyvurdering vil det ikkje vera støy over grenseverdiar, men det vil vera høyrbart støy frå skip og anna lågfrekvent støy. Området blir vurdert til å få redusert attraktivitet som følgje av dei visuelle verknadene og auka støy.	Noko forringa
Arealbeslag	Planforslaget medfører ingen direkte arealbeslag i friluftslivsområdet.	Ubetydelig endring
Tilgjengeligheit	Planforslaget medfører ikkje redusert tilgjengeligheit til friluftslivsområdet.	Ubetydelig endring
Funksjon	Planforslaget medfører ikkje verknad for særskilte friluftslivsområdet.	Ubetydelig endring

Område blir vurdert til å bli noko forringa som følgje av planforslaget.



5.3 Delområde C: Oa/Oaneset

Tabell 12 Vurdering av påverknad for delområde C: Oa/Oaneset

Påverknadskriterium	Vurdering	Påverknad
Endring i attraktivitet	Tiltaka vil hovudsakleg vera synleg frå austsida av friluftslivsområdet, og ikkje mot Ervessundet i sør. Iht. støyvurdering vil det ikkje vera støy over grenseverdiar, men det vil vera ein kan anta at det vil vera høyrbart støy frå skip og anna lågfrekvent støy. Området blir vurdert til å få redusert attraktivitet som følgje av dei visuelle verknadene og auka støy.	Noko forringa
Arealbeslag	Planforslaget medfører ingen direkte arealbeslag i friluftslivsområdet.	Ubetydelig endring
Tilgjengeligheit	Planforslaget medfører ikkje redusert tilgjengeligheit til friluftslivsområdet.	Ubetydelig endring
Funksjon	Planforslaget medfører ikkje verknad for særskilte friluftslivsområdet.	Ubetydelig endring

Område blir vurdert til å bli noko forringa som følgje av planforslaget.



5.4 Delområde D: Ålfjorden

Tabell 13 Vurdering av påverknad for delområde D: Ålfjorden

Påverknadskriterium	Vurdering	Påverknad
Endring i attraktivitet	Tiltaka vil vera synlege frå store delar av Ålfjorden. I nordaust, ved Grasvika og nordover, vil tiltaka vera lite synlege, med unntak frå når vindmøller skal transporterast ut frå fjorden (og ved innskiping av element). Einskilde sund i sør vil vera skjerma for visuell påverknad (Ervesundet), men i dei fleste sunda/vågane vil tiltaka vera synleg i ulik grad, og sjølve vindmølletoppene og krantopp vil vera synlege til ein viss grad frå dei fleste sund og vågar i sør og på vestsida av fjorden. Iht. støyvurdering vil det kunne vera støy over grenseverdiar i sjøområdet som ligg nærast Dommersnes (300-400 meter frå kai på dagtid), men ikkje støy over grenseverdier utover det. Det vil likevel vera høyrbart støy frå skip og anna lågfrekvent støy i sjøområda rundt, når vindforholda er ideelle og lyden ber godt. Ålfjorden med tilhøyrande vågar og sund sin verdi som friluftslivsområde er knytt til både båtlivet i seg sjølv og natur- og kulturopplevingar. Samstundes er fleire delar av fjorden frå før prega av industriell aktivitet i form av eksisterande verksemd på Dommarsenes og settefiskanlegg. Området er vurdert til å få redusert attraktivitet til særst redusert attraktivitet som følgje av dei visuelle verknadene, auka støy og generelt auke i industriell aktivitet.	Noko forringa til forringa
Arealbeslag	Planforslaget medfører ingen direkte arealbeslag i friluftslivsområdet.	Ubetydelig endring
Tilgjengeligheit	Lagring og uttransportering av vindmøller kan opplevast som ei barriere for friluftslivet i sjøen. Det bør likevel ikkje vera til hinder for framkomst og bruk av området. Området er vurdert til å få lite redusert tilgjengeligheit.	Ubetydelig endring
Funksjon	Planforslaget medfører ikkje verknad for særskilte funksjonar tilknytt friluftslivsområdet.	Ubetydelig endring

Område blir vurdert til å bli noko forringa til forringa som følgje av planforslaget.



5.5 Delområde E: Skjeljavika

Tabell 14 Vurdering av påverknad for delområde E: Skjeljavika

Påverknadskriterium	Vurdering	Påverknad
Endring i attraktivitet	Faste installasjonar og fundament i sjø vil vera dels synleg frå delar av Skjeljavika, medan naceller, vindmølletoppar og krantoppar vil vera synleg frå heile området. Iht. støyvurdering vil det ikkje vera støy over grenseverdiar i området. Det vil ikkje vera særleg støy samanlikna med dagens nivå i området, ettersom industriområdet vil ligga på kote 3 og mesteparten av lyden vil gå utover fjorden. Det er i stor grad tilrettelegginga med t.d. parkering, tilkomst, WC, og grillplass som gir området stor verdi, sjølv om også naturopplevinga er viktig. Området blir vurdert til å få redusert attraktivitet som følgje av dei visuelle verknadene.	Noko forringa
Arealbeslag	Planforslaget legg beslag på noko av arealet som ligg mot eksisterande fylkesveg, for omlegging av veg og etablering av fortau. Sjølve arealet som er sentralt for friluftsliv blir ikkje berørt, og det er ein liten reduksjon i areal.	Ubetydelig endring
Tilgjengeligheit	Dagens kantstopp blir erstatta av ei busslomme med fortau på begge sider av fylkesvegen og sjølve fylkesvegen blir trekt noko vekk frå badeplassen. Fortauet på vestsida blir kopla opp mot dagens tursti ned til Skjeljavika. Tilgjengeligheita til området blir noko betre og tilrettelagt enn i dag.	Forbetra
Funksjon	Planforslaget medfører ikkje verknad for særskilte funksjonar tilknytt friluftslivsområdet.	Ubetydelig endring

Området blir vurdert til å bli noko forringa som følgje av planforslaget.



5.6 Delområde F: Liksteinen badeplass

Tabell 15 Vurdering av påverknad for delområde F: Liksteinen badeplass

Påverknadskriterium	Vurdering	Påverknad
Endring i attraktivitet	Faste installasjonar vil ikkje vera synleg frå området. Fundament i sjø vil til dels vera synlege, medan naceller, vindmølleblad og krantopp vil vera godt synlege frå området. Iht. støyvurdering vil det ikkje vera støy over grenseverdiar i området. Det vil ikkje vera særleg støy samanlikna med dagens nivå i området, ettersom industriområdet vil ligga på kote 3 og mesteparten av lyden vil gå utover fjorden. Det er i stor grad tilrettelegginga av strand tilknytt hyttefeltet som gir området verdi. Området vil likevel få noko redusert attraktivitet som følgje av dei visuelle verknadene.	Noko forringa til ubetydelig endring
Arealbeslag	Planforslaget medfører ingen direkte arealbeslag i friluftslivsområdet.	Ubetydelig endring
Tilgjengelighet	Planforslaget medfører ingen direkte arealbeslag i friluftslivsområdet.	Ubetydelig endring
Funksjon	Planforslaget medfører ikkje verknad for særskilte funksjonar tilknytt friluftslivsområdet.	Ubetydelig endring

Verknadsgraden er vurdert til å vera noko forringa ned mot ubetydelig endring.



5.7 Delområde G: Buldreområde ved Dommersnes

Tabell 16 Vurdering av påverknad for delområde G: Buldreområde ved Dommersnes

Påverknadskriterium	Vurdering	Påverknad
Endring i attraktivitet	Lokalitetane i vest (fem buldresteinar) vil utgå i sin heilskap som følgje av planforslaget, medan dei i aust blir bevart. Tiltaka vil vera synleg frå buldreområda, litt avhengig av mengda og høgda på vegetasjon aust for industriområdet. Iht. støyvurdering vil det ikkje vera støy over grenseverdiar i området. Buldreområda ligg høgare i terrenget enn industriområdet, og det kan vera ein høyrer noko verksemd i form av skip og lågfrekvente lydar når vindhøva er ideelle for lydspreiing. Vegetasjonen vil sannsynlegvis dempa lyden. Det er hovudsakleg buldresteinane i seg sjølv og den høge konsentrasjonen av dei som utgjer verdien til området. Planen medfører at fem steinar i vest ikkje kan brukast til buldring lenger, men størsteparten av steinane er konsentrert i eit område aust for eksisterande høgspentlinje og aust for framtidig fylkesveg, og vil framleis vera attraktive, til trass for at ein vil kunna sjå tiltaka i planområdet frå dei til ein viss grad.	Noko forringa til ubetydeleg endring
Arealbeslag	Planforslaget medfører at fem av buldresteinane ikkje kan nyttast lenger. Den store konsentrasjonen med buldresteinar aust for dagens høgspentlinje gjer likevel at arealbeslaget totalt sett ikkje er veldig stort.	Noko forringa
Tilgjengeligheit	Omlegginga av fylkesvegen gjer at buldreområdet aust for den nye traseen blir broten frå dagens nytta parkering ved eksisterande fylkesveg i vest (ikkje ei opparbeidd parkering, men parkering i vegkant). Området vil likevel vera tilgjengeleg frå Kolthaug og traktorveg i nord.	Noko forringa
Funksjon	Planforslaget medfører ikkje verknad for særskilte funksjonar tilknytt friluftslivsområdet.	Ubetydelig endring

Området blir vurdert til å bli noko forringa som følgje av planforslaget.



5.8 Delområde H: Vikefjellet med turstiar

Tabell 17 Vurdering av påverknad for delområde H: Vikefjellet med turstiar

Påverknadskriterium	Vurdering	Påverknad
Endring i attraktivitet	Tiltaka vil vera synleg i randsona av vestre del av området, inkludert toppen ved Sætrafjellet. Austover, mot Grautvatnet og Stemmevatnet, søkk terrenget ned i ein dal og tiltaka vil ikkje vera synleg frå dalsøkket. Krantopp og vindmølleblad, og til dels naceller vil kunne vera synlege frå einskilde høgdedrag austover mot Vabrekka, Morgonsvatnet og Øvre Skjernåstjørn. Iht. støyvurdering vil det ikkje vera støy over grenseverdiar i området, og avstanden og det at industriområdet ligg så langt nede i terrenget gjer at det ikkje er sannsynleg med auka støynivå.	Noko forringa
Arealbeslag	Planforslaget medfører at dagens startpunkt ved eksisterande fylkesveg ikkje lenger kan nyttast, og at dei første 400 meter av turvegen i praksis utgår. Sjølve arealbeslaget er likevel lite og utgjer ikkje ein vesentleg del av friluftslivsområdet.	Ubetydeleg endring
Tilgjengelighet	Planforslaget medfører at dagens startpunkt ved eksisterande fylkesveg ikkje lenger kan nyttast, og at ein må finna andre startpunkt for turen. Planforslaget legg ikkje opp til at det blir etablert nytt startpunkt, men det er fleire andre startpunkt for tilkomst til friluftslivsområdet og Sætrafjellet, som til dømes frå kyrkja i Vikebygd.	Noko forringa
Funksjon	Startpunktet som utgår med tilhøyrande tursti er ein vesentleg kortare tur enn dei andre turane, som i seg sjølv kan vera ein viktig føresetnad for at mange går turen.	Noko forringa

Området blir vurdert til å bli noko forringa som følgje av planforslaget.



5.9 Delområde I: Orienteringsområde Dommersnes

Tabell 18 Vurdering av påverknad for delområde I: Orienteringsområde ved Dommersnes

Påverknadskriterium	Vurdering	Påverknad
Endring i attraktivitet	I den grad orienteringsområdet ville kunne ha blitt nytta etter at planforslaget er utbygd, må ein rekna med noko auka visuelle verknader og noko støy tettast opp mot den nye fylkesvegen.	Noko forringa
Arealbeslag	Planforslaget inneber at omlag alt arealet vest for høgspenlinja blir industri- og vegformål, som betyr at omlag halve området utgår som orienteringsområde. Det medfører i praksis at området ikkje lenger kan nyttast som orienteringsområde innanfor det kartet som finst i dag.	Sterkt forringa
Tilgjengelighet	Orienteringsområdet kan ha ulike startpunkt, men fleire av dei blir fjerna som følge av tiltaka.	Sterkt forringa
Funksjon	Ikkje relevant.	Ikkje relevant


Området blir vurdert til å bli sterkt forringa som følge av planforslaget.



6 Konsekvens

6.1 Konsekvens for delområde



Ved å samanstill verdi (kapittel 4) og påverknad (kapittel 5), vil ein komma fram til konsekvensens for dei ulike delområda. Konsekvensen for delområda blir framstilt via gjennom konsekvensvifte under.










Figur 18 Konsekvensvifte for friluftsliv



Delområde	Verdi	Påverknad	Konsekvens
A: Selsåsvika	Stor opp mot svært stor	Noko forringa	Noko konsekvens (-) opp mot middels konsekvens (--)
B: Framnes/Rindane	Middels ned mot noko	Noko forringa	Noko konsekvens (-)
C: Oa/Oaneset	Middels ned mot noko	Noko forringa	Noko konsekvens (-)
D: Ålfjorden	Stor	Noko forringa til forringa	Middels konsekvens (--)
E: Skjeljavika	Stor	Noko forringa	Noko konsekvens (-)
F: Liksteinen badeplass	Noko opp mot middels	Noko forringa til ubetydeleg endring	Ubetydeleg konsekvens (0)
G: Buldreområde ved Dommersnes	Stor ned mot middels	Noko forringa	Noko konsekvens (-)
H: Vikefjellet med turstiar	Middels verdi	Noko forringa	Noko konsekvens (-)
I: Orienteringsområde ved Dommersnes	Noko verdi	Sterkt forringa	Noko konsekvens (-)

Tiltaka vil også vera synlege frå ulike område i det ytre influensområdet. Tabellen under syner ei oversikt over registrerte friluftslivsområde i det ytre influensområdet, med ei kort skildring av området (verdi, eventuell skildring og brukarfrekvens i M98-kartlegginga).

Registrert friluftslivsområde	Kort skildring	Verknad
Flatnes 	Ikkje verdiset friluftslivsområde. Området er eit ikkje tilrettelagt naturområde med noko brukarfrekvens. Området består av ulike viker med små strender, og elles bergknausar og skog.	Tiltaka vil kun vera synleg frå områda som vender seg mot nordaust, og einskilde høgdedrag. Det er ikkje venteleg med auka støy, og området ligg sør for Dommersnes, slik at det ikkje vil vera auka trafikk i sjøen.
Liervatnet 	Viktig leike- og rekreasjonsområde. Skildra som eit vatn med gode forhold for kanopadling, fiske og bading, med speidarplass og gapahuk. Middels brukarfrekvens og ganske mange kunnskapsverdiar.	Faste tiltak, fundament i sjø og nacelle vil ikkje vera synlege frå områda som ligg ned mot vatnet og Liervatnet. Nacellene kan vera synleg frå einskilde høgdedrag opp frå vatnet. Krantopp og vindmølleblad vil vera dels synlege frå vestre del av vatnet. Det er ikkje venteleg med auka støy.
Lierfjellet 	Viktig nærturterreng. Skildra som fjelltopp som er tilgjengeleg frå fleire sider med middels brukarfrekvens.	Tiltaka vil vera synlege frå toppen av fjellet og dels ned mot austsida. Det er ikkje venteleg med auka støy.

Registrert friluftslivsområde	Kort skildring	Verknad
Dyraskar med tursti frå bygdauset. 	Dyraskar er registrert som viktig nærturterreng og skildra som eit fjellområde med både toppar og vatn, med fleire stiar til Dyraskar. Noko brukarfrekvens. Turstien er registrert som ein viktig grønnkorridor med noko brukarfrekvens.	Tiltaka vil vera synlege frå dei høgaste toppane og einskilde område mellom Dyraskarvatnet og Trollanipa, samt på store delar av turstien frå bygdauset. Det er ikkje venteleg med auka støy.
Skrefjellet 	Registrert nærturterreng skildra som eit fint turområde som knytter saman turområde mellom Bjoa og Vikebygd. Noko brukarfrekvens.	Tiltaka vil kunne vera synlege frå austsida av Trollavatnet og på dei høgare partia. Det er ikkje venteleg med auka støy.
Langavatnet og Trollafjell 	Kartlagt som svært viktig nærturterreng. Skildra som eit lett tilgjengeleg område frå Vikebygd sentrum, brukt som eige friluftslivsområde og som tilkomstsone for andre turområde. Middels brukarfrekvens.	Tiltaka vil kunne vera synlege i vestre del av området (Vikesvorufsa og vest), samt på nordsida av Langavatnet, og elles på høgdedrag. Det er ikkje venteleg med auka støy.
Døvika badeplass 	Kartlagt som viktig leike- og rekreasjonsområde. Noko brukarfrekvens.	Faste installasjonar er ikkje synleg frå Døvika, men fundamenta i sjø vil delvis vera synleg frå nordre del. Naceller, krantopp og vindmølleblad vil vera synleg frå nordsida, og i noko mindre grad i sør. Det er ikkje venteleg med auka støy.

Registrert friluftslivsområde	Kort skildring	Verknad
Vikebygd idrettsanlegg 	Kartlagt som svært viktig leike- og rekreasjonsområdet med ganske stor brukarfrekvens.	Faste installasjonar og fundament i sjø vil ikkje vera synleg frå området, men naceller, krantoppar og vindmølleblad kan vera synleg. Det er ikkje venteleg med auka støy.
Vik skule og barnehage 	Registrert som svært viktig leike- og rekreasjonsområde med stor brukarfrekvens og høg grad av tilrettelegging (leikeareal tilknytt skulen og barnehagen).	Tiltaka vil vera synleg frå området, særskilt naceller, vindmølleblad og krantopp. Det er ikkje venteleg med auka støy.
Plasselva, øvre og nedre del 	Registrert leike- og rekreasjonsområde langs Plasselva. Noko brukarfrekvens i nedre del mot sjøen og lite brukarfrekvens i øvre del.	Faste installasjonar og fundament i sjø vil vera delvis synleg langs traseen. Naceller, vindmølleblad og krantopp kan vera synleg frå fleire delar av traseen. Det er ikkje venteleg med auka støy.
Bryggebakken 	Registrert som viktig leike- og rekreasjonsområde, og også eit statlig sikra friluftslivsområde. Skildra som flatt, langgrunn strand med fin sand.	Faste installasjonar vil ikkje vera synlege, men fundament i sjø vil delvis vera synlege frå området. Naceller, vindmølleblad og krantopp vil vera synlege frå området. Det er ikkje venteleg med auka støy.

Registrert friluftslivsområde	Kort skildring	Verknad
Skjoldali 	Kartlagt som viktig nærturterreng. Skildra som tursnitett i område rundt fleire tjørn og vatn, med middels brukarfrekvens.	Tiltaka vil kunna vera delvis synlege frå einskilde høgdedrag vest i området. Det er ikkje venteleg med auka støy.
Trovåg badeplass 	Registrert som viktig leike- og rekreasjonsområde med middels brukarfrekvens.	Tiltaka vil ikkje vera synlege frå området. Det er ikkje venteleg med auka støy.
Haraldseidsvatnet og Anndalsvatnet 	Registrert nærturterreng med merka tursti rundt vatna med utgangspunkt på to ulike stader. Noko brukarfrekvens.	Tiltaka vil kunna vera delvis synlege frå einskilde høgdedrag i området. Det er ikkje venteleg med auka støy.
Sønningvika badeplass 	Registrert leike- og rekreasjonsområde med liten brukarfrekvens.	Krantopp og vindmølleblad kan vera synleg frå delar av området, men elles er tiltaka ikkje synlege. Det er ikkje venteleg med auka støy.

Dei faste installasjonane vil hovudsakleg vera synlege frå einskilde høgdedrag/skråningar. Fundamenta i sjø vil vera synlege frå fleire stader særskilt på austsida av fjorden og i nordaust (rundt sentrum i Vikebygd). Naceller vil kunne vera synleg frå eit større område, og vindmølleblad og krantopp vil kunna vera synleg frå mange høgdedrag og toppar.

Oppsummert vil tiltaka vera synlege frå store delar av det ytre influensområdet, særskilt nacellene, vindmølleblad og krantopp. Det er ikkje venta med auka støy i influensområdet som følgje av tiltaka.

6.3 Samla konsekvens

Planforslaget ligg i grenseland mellom å føra til noko negativ konsekvens og middels konsekvens for friluftsliv samla sett (sjå dei ulike konsekvensgradane og forklaring i Figur 21 Kriterier for vurdering av samla konsekvens for friluftsliv (Miljødirektoratet) Figur 21). Det er ei overvekt av delområde med noko negativ konsekvens (-). Eit av områda har middels negativ konsekvens (--) og eit anna noko negativ konsekvens (-) opp mot middels negativ konsekvens (--). Ingen område har alvorleg (---) eller svært alvorleg (----) konsekvensgrad.

Delområdet med middels negativ konsekvens (--) er delområde D: Ålfjorden, der påverknaden er sett til noko forringa opp mot forringa, og der verdien er sett til stor. Verdisettinga for delområdet inneber noko usikkerheit, då ein ikkje har klare tal på kor mykje fjorden faktisk blir brukt til rekreasjon og friluftsliv. Delområdet med noko negativ konsekvens opp mot middels negativ konsekvens er delområde A: Selsåsvika, som er vurdert til å ha stor verdi og bli noko forringa hovudsakleg som følgje av dei visuelle verknadene.

Som følgje av at fleire av delområda er plassert nærmare middels konsekvens i konsekvensvifta, samt at tiltaka vil vera synlege også frå store delar av influensområdet, blir det vurdert til at den samla konsekvensen for friluftsliv er middels negativ konsekvens (--). Konsekvensen er hovudsakleg knytt til den visuelle verknaden av planforslaget.

Tabell 21 Oppsummering av konsekvens for delområde og samla.

Delområde	Konsekvens
A: Selsåsvika	Noko konsekvens (-) opp mot middels konsekvens (--)
B: Framnes/Rindane	Noko konsekvens (-)
C: Oa/Oanaset	Noko konsekvens (-)
D: Ålfjorden	Middels konsekvens (--)
E: Skjeljavika	Noko konsekvens (-)
F: Liksteinen badeplass	Ubetydeleg konsekvens (0)
G: Buldreområde ved Dommersnes	Noko konsekvens (-)
H: Vikefjellet med turstiar	Noko konsekvens (-)
I: Orienteringsområde ved Dommersnes	Noko konsekvens (-)
Samla vurdering	Middels konsekvens (--)

6.4 Usikkerheit knytt til konsekvensen

Vurderinga av påverknad for både det indre og ytre influensområdet baserer seg på GIS-analysar som ikkje tar høgde for eksisterande og eventuell framtidig vegetasjon. Det betyr at der det er tett og høg vegetasjon, vil synlegheita til tiltaka kunna vera mindre enn det synlighetsanalysane viser. Eventuelle mildnande faktorar som følgje av eksisterande og framtidig vegetasjon er ikkje tatt med i vurderinga om påverknad. Ein må

rekna med at tiltaka ikkje vil vera like synlege frå alle område som synlegheitsanalysa viser, men det er vanskeleg å seia noko om i kor stor grad vegetasjonen vil spela inn for dei einskilde områda.

6.5 Avbøtande tiltak

Dei negative verknadene er for dei aller fleste områda hovudsakleg knytt til dei visuelle verknadene av tiltaka. Gitt at samansetting av vindmøller krever eit visst areal både på land og sjø og inn- og uttransportering av komponentar og vindmøller, er det ikkje enkelt å finna avbøtande tiltak som kan redusera dei visuelle verknadene for influensområdet. Topp av vindmølleblad og krantopp vil vera synlege uansett korleis ein plasserer tiltaka. Ut frå synlegheitsanalysane kan det likevel sjå ut til at ein ved å trekka fundamenta i sjø (våtlagring) lenger sør i fjorden, kan redusera dei visuelle verknadene av fundamenta sett frå områda rundt sentrum i Vikebygd.

For tre av delområda medfører planforslaget direkte arealinngrep i friluftslivsområda. Dette gjeld delområde G: Buldreområde ved Dommersnes, H: Vikefjellet med turstiar og I: Orienteringsområde ved Dommersnes. Her medfører planforslaget at vestre del av tursti, som blir nytta som tilkomst til både Vikefjellet, buldreområdet og orienteringsområdet, utgår. For å kompensera for tapet av tursti bør det vurderast om det kan etablerast ein ny tursti med parkeringsplass frå Kolthaug/Kolthaugvegen i nord. Dette vil også gi ein betre tilkomst til buldreområdet i aust, som kan bøta på tapet av dei fem buldresteinane i vest, som ein ikkje kan erstatta. Orienteringskartet vil i praksis utgå som eit orienteringsområde som følgje av planforslaget.

Følgjande avbøtande tiltak kan vurderast for å redusera dei negative verknadene:

- Fundamenta i sjø (våtlagring) bør vurderast om kan trekkast lenger sør, slik at dei blir mindre synlege frå områda rundt sentrum i Vikebygd
- Det bør etablerast ein ny tursti med parkeringsplass for Kolthaug/Kolthaugvegen, som vil gi tilkomst til Vikefjellet/Sætrafjell og buldreområdet ved Dommersnes

7 Oppsummering

Det er blitt gjennomført ei konsekvensutgreiing av åtte delområde i det indre influensområdet, i tillegg til ei verknadsvurdering av det ytre influensområdet. Under er ei oversikt over vurdering av verdi, påverknad og konsekvens for dei ulike delområda.

Tabell 22 Oppsummering av konsekvens for delområde og samla.

Delområde	Konsekvens
A: Selsåsvika	Noko konsekvens (-) opp mot middels konsekvens (--)
B: Framnes/Rindane	Noko konsekvens (-)
C: Oa/Oaneset	Noko konsekvens (-)
D: Ålfjorden	Middels konsekvens (--)
E: Skjeljavika	Noko konsekvens (-)
F: Liksteinen badeplass	Ubetydeleg konsekvens (0)
G: Buldreområde ved Dommersnes	Noko konsekvens (-)
H: Vikefjellet med turstiar	Noko konsekvens (-)
I: Orienteringsområde ved Dommersnes	Noko konsekvens (-)
Samla vurdering	Middels konsekvens (--)

Påverknaden er hovudsakleg knytt til dei visuelle verknadene, men for to av delområda (G og H) utgjer direkte inngrep i areal ein stor del av verknaden. Det er ikkje venteleg med støy over grenseverdiar, men med ideelle vindretningar og forhold kan ein i delområda på vestsida av Ålfjorden oppleve auka støy i form av lågfrekvente lydar og skip.

Verknaden for det ytre influensområdet er knytt til dei visuelle verknadene, og det er ikkje venta med auka støy. Faste installasjonar vil hovudsakleg vera synlege frå einskilte høgdedrag/skråningar, fundament i sjø vil vera synlege frå fleire stader særskilt særskilt på austsida av fjorden og i nordaust (rundt sentrum i Vikebygd). Naceller vil kunne vera synleg frå eit større område, og vindmølleblad og krantopp vil kunna vera synleg frå mange høgdedrag og toppar.

Samla sett blir det vurdert til at planforslaget vil føra til middels negativ konsekvens (--) for friluftsliv.

Ettersom verknadsvurderinga baserer seg på ei GIS-analyse som ikkje tar omsyn til eksisterande og framtidig vegetasjon, er det knytt noko usikkerheit til kor synlege tiltaka vil vera frå dei ulike områda

Følgjande avbøtande tiltak kan vurderast for å redusera dei negative verknadene:

- Fundamenta i sjø (våtlagring) bør vurderast om kan trekkast lenger sør, slik at dei blir mindre synlege frå områda rundt sentrum i Vikebygd
- Det bør etablerast ein ny tursti med parkeringsplass for Kolthaug/Kolthaugvegen, som vil gi tilkomst til Vikefjellet/Sætrafjell og buldreområdet ved Dommersnes

8 Tabellar frå handbok M-1941

Tabell 23 Områdetypar iht. M98, som gir grunnlag for delområde for friluftsliv.

Områdetype	Beskrivelse
Blå-/grønnstruktur	En del av det "myke" transportsystemet og viktige forbindelseslinjer som knytter sammen boligområder og de mest brukte og egnede friluftslivsområdene. Korridorene skal ha et blå/grønt hovedpreg.
Leke- og rekreasjonsområde	Lekeplasser, ballplasser, nærmiljøanlegg, hundremeterskogen, badestrender, offentlig sikrede områder, parker og lignende som er mindre enn 200 daa.
Nærturterreng	Vegetasjonskledde områder på mer enn 200 daa. Områdene skal være tilknyttet byggeområder som f.eks. boligområder, skoler og barnehager, og ligge i gangavstand fra disse. De er vanligvis naturlig avgrenset av bebyggelse eller dyrket mark.
Marka	Omfatter noen av de viktigste områdene for friluftsliv i kommunen og/eller regionen. Grenser som regel direkte opp mot byer/ tettsteder og har direkte adkomst herfra.
Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag	Områder langs kyst, innsjøer og vassdrag med muligheter for allment friluftsliv.
Friluftsliv i jordbrukslandskap	Områder der man etter friluftslovens bestemmelser kan ferdes i den tid marken er frosset eller snølagt (ikke i tidsrommet fra 30. april til 14. oktober). Jf. friluftsloven. Kategorien rommer også stier, driftsveger, skiløyper i jordbruksområder.
Utfartsområde	Store og små dagsturområder som ligger utenfor den umiddelbare nærhet til byer/tettsteder. Ofte egnet for en eller flere enkeltaktiviteter som det lokalt ikke finnes alternative områder til.
Store turområder med tilrettelegging	Dekker de nasjonalt viktigste fjell-, skog- og heiområdene med tilrettelegging i form av merket sti- og løypenett med tilhørende overnattingssteder
Store turområder uten tilrettelegging	Store områder eller systemer av delområder som er "inngrepsfrie".
Særlige kvalitetsområder	Landskap, natur- eller kulturmiljø som har helt spesielle opplevelseskvaliteter eller som har spesielt stor symbolverdi.
Andre friluftslivsområder	Områder av betydning for friluftslivet, men som ikke lar seg plassere i noen av de øvrige områdetypene.

Tabell 24 Verditabell for friluftsliv (Miljødirektoratet)


Verdikriterier	Ubetydelig	Noe	Middels	Stor	Svært stor
Bruker-frekvens	Ikke nevneverdig bruk	Brukes av noen	Brukes av flere, ofte med innslag av regionale brukere	Brukes av mange Flere regionale brukere	Brukes av svært mange Nasjonale brukere
Kvalitet	Få eller ingen opplevelses-kvaliteter Har i liten grad en funksjon som adkomst-sone eller sammenheng	Noen natur- eller kultur-historiske opplevelses-kvaliteter Har begrenset funksjon som adkomstsone/ sammenheng Begrenset størrelse/ utstrekning	Flere natur- eller kultur-historiske opplevelses-kvaliteter Har i noen grad en funksjon som adkomst-sone eller sammenheng Noe tilrettelagt for spesielle aktiviteter eller grupper Godt lydmiljø Tilstrekkelig utstrekning for å utøve de ønskede aktivitetene	Mange natur- eller kultur-historiske opplevelses-kvaliteter Har en viktig funksjon (sammenheng/ad-komst/parkering) Godt egnet for en eller flere enkelt-aktiviteter som det ikke finnes like gode alternative områder til Godt tilrettelagt for spesielle aktiviteter eller grupper Godt lydmiljø Stor nok utstrekning for å utøve de ønskede aktivitetene	Svært mange natur- eller kulturhistoriske opplevelses-kvaliteter Har en svært viktig funksjon (sammenheng/ad-komst/parkering) Spesielt godt egnet for en eller flere enkelt-aktiviteter som det ikke finnes like gode alternative områder til Svært godt tilrettelagt for spesielle aktiviteter eller grupper Godt lydmiljø Svært stor utstrekning
Betydning	Har ikke symbolverdi Ikke brukt/egnet i undervisnings-sammenheng	Har noe symbolverdi i lokal sammenheng I liten grad brukt/egnet i undervisnings-sammenheng Brukes av personer i nærområdet/bydelen	Har en spesiell symbolverdi i regional sammenheng Egnet/noe brukt i undervisnings-sammenheng Brukes av personer fra hele kommunen	Har en spesiell symbolverdi i regional/nasjonal sammenheng Godt egnet/mye brukt i undervisnings-sammenheng Brukes av personer fra regionen	Har en spesiell symbolverdi i nasjonal sammenheng Svært godt egnet/svært mye brukt i undervisnings-sammenheng Brukes av personer fra hele Norge
Bymarker					Alltid svært stor verdi

Tabell 25 Påverknadstabell for friluftsliv (Miljødirektoratet)

	Forbedret	Ubetydelig endring	Noe forringet	Forringet	Sterkt forringet
Endring i attraktivitet	Området blir utvidet og/eller får positive fysiske/visuelle endringer	Ingen eller liten reduksjon i attraktivitet	Redusert attraktivitet på grunn av visuelle virkninger, støy eller annen forurensning	Svært redusert attraktivitet på grunn av visuelle virkninger, støy eller annen forurensning	Områder mister sin attraktivitet på grunn av visuelle virkninger, støy eller annen forurensning
Arealbeslag	Ingen reduksjon i areal	Ingen eller liten reduksjon i areal	Arealbeslag eller fysiske endringer som reduserer området	Arealbeslag eller en fysisk endring som i stor grad reduserer området	Friluftsområdet bygges ned og forsvinner
Tilgjengelighet	Bedre tilgjengelighet: bedre adkomst og/eller eksisterende barrierer/stengsler blir fjernet	Ingen eller lite redusert tilgjengelighet	Noe redusert tilgjengelighet: vanskeligere adkomst til området, stengsler og/eller barrierer	Svært redusert tilgjengelighet: flere adkomstmuligheter til området blir fjernet. Flere barrierer og/eller stengsler etableres i eller ved området	Området blir utilgjengelig. Barrierer, stengsler i eller ved området gjør området utilgjengelig for bruk. Adkomstmuligheter fjernes
Forurensning	Redusert forurensning (støy, støv, avrenning)	Ingen eller liten økning i forurensning (støy, støv, avrenning)	Noe økt forurensning (støy, støv, avrenning)	Økt forurensning (støy, støv, avrenning)	Vesentlig økt forurensning (støy, støv, avrenning)
Funksjon	Funksjon opprettholdes og underbygges	Funksjon uendret	Funksjon endres stor	Redusert funksjon	Dagens funksjon forsvinner

Tabell 26 Vektlegging av visuelle verknader i ulike område (Miljødirektoratet)

Vektlegging av visuelle virkninger i ulike områder	
Større vekt	Mindre vekt
Inngrepsfritt område	Område med mange inngrep i omgivelsene
Åpent område	Skogkledd eller bebygd
Område hvor naturopplevelse har stor betydning	Område rettet mot utøvelse av lek/aktivitet
Stor symbolverdi	Liten/ingen symbolverdi



Figur 19 Konsekvensvifte (Miljødirektoratet)

Skala	Forklaring	RGB-fargekode
Svært alvorlig konsekvens ----	Den mest alvorlige konsekvensen som kan oppnås for delområdet. Brukes kun for delområder med stor eller svært stor verdi.	0, 32,96
Alvorlig konsekvens ---	Alvorlig konsekvens for delområdet.	0, 112, 192
Middels konsekvens --	Middels konsekvens for delområdet.	0, 176, 240
Noe konsekvens -	Noe konsekvens for delområdet.	212, 255, 254
Ubetydelig konsekvens 0	Ingen eller ubetydelig konsekvens for delområdet.	251, 255, 255
Noe/betydelig positiv konsekvens + / ++	Forbedring (+) eller betydelig forbedring (++)	146, 208, 80
Stor/svært stor positiv konsekvens +++ / ++++	Stor forbedring (+++) eller svært stor forbedring (+++). Brukes i hovedsak der områder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket.	0, 176, 80

Figur 20 Forklaring på konsekvens (Miljødirektoratet)


Konsekvensgrad	Kriterier for samlet vurdering
Kritisk negativ konsekvens	Tiltaket medfører kritisk skade på friluftslivet innenfor influensområdet. Brukes kun for områder som er gitt stor eller svært stor verdi. Overvekt av delområder med konsekvensgrad svært alvorlig konsekvens (4 minus)
Svært stor negativ konsekvens	Tiltaket medfører forringelse eller ødeleggelse av nasjonalt viktig friluftsliv. Brukes kun for områder med registreringskategorier som er gitt stor eller svært stor verdi. - Overvekt av delområder med konsekvensgrad alvorlig konsekvens (3 minus). - Flere delområder har konsekvensgrad svært alvorlig (4 minus)
Stor negativ konsekvens	Tiltaket medfører stor konsekvens for friluftslivet innenfor influensområdet. - Overvekt av delområder med konsekvensgrad middels (2 minus) - Flere delområder med konsekvensgrad alvorlig (3 minus) - Ett delområde kan ha konsekvensgrad svært alvorlig
Middels negativ konsekvens	Tiltaket medfører middels konsekvens for friluftslivet innenfor influensområdet - Overvekt av delområder har konsekvensgrad noe konsekvens (1 minus). - Flere delområder har konsekvensgrad middels (2 minus) - Ett delområde kan ha konsekvensgrad alvorlig (3 minus) - Ingen delområder er gitt svært alvorlig konsekvensgrad
Noe negativ konsekvens	Tiltaket medfører noe konsekvens for friluftslivet innenfor influensområdet. Lite konflikt med friluftsliv innenfor influensområdet. - Delområder har lave konsekvensgrader - Overvekt av konsekvensgrad noe konsekvens (1 minus) og ubetydelig konsekvens (0). - Maks ett delområde kan ha konsekvensgrad middels (2 minus) - Ingen delområder er gitt konsekvensgrad svært alvorlig (4 minus) eller alvorlig (3 minus)
Ubetydelig konsekvens	Tiltaket vil ikke medføre vesentlige endringer for friluftslivet i nullalternativet. - Overvekt av ubetydelig konsekvens (0) - Ett delområder kan inneholde konsekvensgrad noe konsekvens (1 minus) - Ingen delområder er gitt svært alvorlig (4 minus), alvorlig (3 minus) eller middels (2 minus) konsekvensgrad.
Positiv konsekvens	Benyttes i områder som er gitt ubetydelig eller noe verdi som får noe eller middels verdiøkning som følge av tiltaket. Tiltaket/alternativet er en forbedring for friluftslivet i forhold til nullalternativet. - Overvekt av delområder med positiv konsekvensgrad (1 eller 2 pluss) - Kan kun inneholde delområder med noe negativ konsekvensgrad - Delområder med noe negativ konsekvensgrad (1 minus) oppveies klart av områdene med positiv konsekvensgrad
Stor positiv konsekvens	Benyttes i områder som er gitt ubetydelig eller noe verdi som får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket. Stor forbedring for friluftslivet i forhold til nullalternativet. - Overvekt av delområde med svært stor miljøforbedring (4 pluss) - Overvekt av delområder med svært positiv konsekvensgrad. - Kan kun inneholde delområder med lav negativ konsekvensgrad, delområder med negative konsekvensgrad oppveies klart av områdene med positiv konsekvensgrad.

Figur 2.1 Kriterier for vurdering av samla konsekvens for friluftsliv (Miljødirektoratet)


9 Synlegheitsanalyse

Sjå illustrasjonshefte for synlegheitsanalysar med betre oppløysing.


9.1 Faste installasjonar



9.2 Fundament i sjø



9.3 Nacelle



9.4 Krantopp og vindmølleblad

